

Fra: Leif Arne Økland <lo799@kyrkja.no>

Sendt: 16.06.2023 10:40:53

Til: Berit Karin Rystad <berit.karin.rystad@fedje.kommune.no>

Emne: Vedk søknad om bruksendring felt g - gravplassutvidinga.

Til orientering:

Viser til tidlegare mail om framlegg som dukka opp om å endra felt G på gravplassen frå eit reint urnefelt til kistefelt.

Eg var med på synfaring og møte i går med Samnøy maskin og ing. Aarland. Forslaget har kome frå utbyggjar og dei ulike partane involvert her synest umiddlebart dette er eit godt forslag. Eg har også vore i munnleg kontakt med Statsforvaltaren om dette. Endringa er søknadspliktig, men er ifølgje statforvaltaren ein søknad som ikkje burde vera problematisk å få gjennomslag for. Endringa vil føra til at ein får på plass ca 20 nye kistegraver. Når ein held dette saman med at det ikkje vert eit bortfall av moglege urnegraver, men heller det motsette, bør dette vera ein vinn/vinn situasjon. Vedlagt ligg søknad sendt til Statsforvaltaren i dag.

I arbeidet med verneplanen for dei eldste gravminnene på Fedje, har vi kome fram til at vi ønskjer å gje tilbud om urnegravlegging (gjeld enkeltgraver med støtte – ikkje grtavlegging på minnelund) på gravplassen rundt kyrkja. Her kan det setjast ned urnegraver utan vidare tilrettelegging.

Mvh

Leif Arne Økland
kyrkjeverje

Fra: skanner@kyrkjekontoret.no <skanner@kyrkjekontoret.no>

Sendt: fredag 16. juni 2023 10.05

Til: Leif Arne Økland <lo799@kyrkja.no>

Emne: Message from "RNP58387975CD85"

This E-mail was sent from "RNP58387975CD85" (IM C3000).

Scan Date: 06.16.2023 10:05:05 (+0200)

Queries to: skanner@kyrkjekontoret.no